

# Til deg som tek inn elevar i praksis plass

## INFORMASJON OM FORSIKRING AV ELEVAR

Vi set stor pris på at di bedrift er med på å gi våre elevar nyttig arbeidspraksis. Dette informasjonsarket seier noko om kva reglar som gjeld med omsyn til yrkesskedeforsikring av elevane.



Lov om yrkesskedeforsikring gjeld ved personskader påført arbeidstakarar hjå arbeidsgivarar. Arbeidsgivar pliktar å teikne yrkesskedeforsikring til dekning av yrkesskade og yrkessykdom.

Lov om yrkesskedeforsikring er ufråvikeleg, og plikta til å teikne forsikring kan ikkje overførast til andre.

Elevar vert rekna som arbeidstakar fordi dei utfører arbeid i arbeidsgivar si teneste og skal difor omfattast av bedrifta si yrkesskedeforsikring.

Dei aller fleste bedrifter har forsikringar som omfattar alle arbeidstakarar i verksemda utan å oppgi arbeidstakar sitt namn. Det vil difor ikkje vere nødvendig for bedrifta å teikne eigen forsikring for desse.

For at det ikkje skal vere tvil om det føreligg forsikring for elevane når dei er i arbeidstrening har Vestland fylkeskommune for sikkerheits skuld teikna ei yrkesskedeforsikring som vil gjelda dersom bedrifta si ordning likevel ikkje skulle omfatta eleven eller studenten.

Enkeltmannsføretak utan tilsette kan ikkje teikne yrkesskedeforsikring. Fylkeskommunen si yrkesskedeforsikring vil difor omfatta elevar eller praktikantar som er utplassert hjå slike føretak.